

SKULERUTA TIL EIN OMGANGSSKULELÆRAR 1890 – 1892

Åse Eikemo Strømme

Lars A. Vassenden f. i Evanger 1845 var omgangsskulelærer i Stamnessokna i 27 år.

Han budde med kone og born på Straume, der han fekk skøyte på gnr. 2 i 1885. I 1903 den 31. desember døydde han etter ei tragisk ulukke i skogen, og kona vart sitjande att åleine med ein stor barneflokk, sju i talet, i alderen eitt til 16 år.

I 1889 gjorde han framlegg om skuleruta si for året 1890, og det same seinare for åra 1891 og 1892, slik det fylgjer nedanfor. Han var omgangsskulelærer i skulekrinsane Straume, Øyo og Eidsfjorden, med 12 veker i kvar krins.

Kva fortell dette framlegget til skuleruta oss?

Som ein kan sjå, vart skulen i Straume krins halden på garden Straume med 10 veker, og 2 veker i året i Dyvik.

I Øyo krins var det 4 veker i Vik, 4 veker i Hesjedal og 4 veker i Øyo.

I Eidsfjorden krins vart skulen halden på gardane Møster og Eide med 4 veker på kvar gard. På dei andre gardane i krinsen, Leiro, Brørvik, Eikefet og Eikemo vart det på kvar halde skule 1 veke i året. Desse vekene var lagde til hausten, før snø og istilhøva gjorde det strevsamt for læraren og borna i krinsen å samla seg til skule på desse meir eller mindre veglause gardane.

Her måtte fjorden roast til Brørvik, bratte lier måtte stigast opp til Leiro, Storelva (Ekso) måtte roast og Reitlevegen til og frå sjøen gav framkomst til Eikemo. Frå Møster til Eikefet kunne ein også taka den gamle ferdselsvegen på heimesida gjennom Urda under Storfjellet og vidare opp Stien og Øvstekleiva til Eikemo. Desse vekene var nok mest strevsame for borna frå desse gardane, som måtte flytta seg frå det eine ytterpunktet til det andre. Dei hadde det nok best dei vekene skulen vart halden på gardane i sentrum. Mest truleg måtte borna som hadde lengst veg, bu på dei gardane der skulen var.

Læraren hadde husrom på den garden der skulen til ei kvar tid vart halden. Om ver og føre ikkje hindra det, drog han nok heim til kone og born når helga kom. Han Lars Vassenden har gjort merksam på at isforholda i Eidsfjorden kan leggja hindringar i vegen for den oppsette skuleruta. Som oftaste måtte den endrast.

No er dette berre eit framlegg. Om ein vil studera vidare om skuleruta vart fylgd for dei omtalte åra, om korleis skulen vart halden på dei enkelte gardane, på kva bruk eller i kva stove den vart halden, kva fag som vart undervist i, namnet og alderen på elevane som gjekk der, fram møte og karakterar, må ein gå inn i skuleprotokollane og dagbøkene for den enkelte krins.

Kjelder: Arkivet etter Bruvik skulestyre

Arkivet etter skulekrinsane i Bruvik kommune

Vaksdal Bygdebok Bd. III og IV

SKOLERUTE FOR 1890-91-92

SKOLETID	KREDS	SKOLESTED
06.01. – 18.01.	Eidsfjordens	Eide
20.01. – 01.02.	Øies	Hæsjedal
03.02. – 15.02.	Strømmes	Strømme
17.02. – 01.03.	Eidsfjordens	Møster
03.03. – 15.03.	Øies	Hæsjedal
17.03. – 29.03.	Strømmes	Strømme
31.03. – 19.04.	Eidsfjordens	Eide, Møster
21.04. – 03.05.	Øies	Øie
05.05. – 17.05.	Strømmes	Strømme
19.05. – 31.05.	Eidsfjordens	Møster, Leraas
02.06. – 14.06.	Øies	Vik
16.06. – 28.06.	Strømmes	Dyvik
29.09. – 11.10.	Eidsfjordens	Egemo, Brørvik
13.10. – 25.10.	Øies	Øie
27.10. – 08.11.	Strømmes	Dyvik, Strømme
10.11. – 22.11.	Eidsfjordens	Egefet, Eide
24.11. – 06.12.	Øies	Vik
13.12. – 20.12.	Strømmes	Strømme

Det maa bemerkes, at det kun er under Forudsetning af, at Isforholdene i Eidsfjordens Kreds tillade det, at ovenstaaende Skolerute kan følges. I almindelighed maa den forandres paa Grund av Isuføre.

Strømme den 28de Desember 1889.

Ærb.

L. Vasenden

SKOLETID	KREDS	SKOLESTED	
08.01. – 21.01.	Eidsfjordens	Møster	
22.01. – 04.02.	Øies	Hæsjedal	
05.02. – 19.02.	Strømmes	Strømme	
19.02. – 04.03.	Eidsfjordens	Eide	
05.03. – 18.03.	Øies	Hæsjedal	
19.03. – 04.04.	Strømmes	Strømme	
06.04. – 18.04.	Eidsfjordens	Møster	
20.04. – 02.05.	Øies	Øie	
04.05. – 16.05.	Strømmes	Strømme	
19.05. – 30.05.	Eidsfjordens	Eide, Leraas	
01.06. – 13.06.	Øies	Vik	
15.06. – 27.06.	Strømmes	Dyvik	
28.09. – 10.10.	Eidsfjordens	Egemo, Egefet	
12.10. – 24.10.	Øies	Øie	
26.10. – 07.11.	Strømmes	Dyvik, Strømme	
09.11. – 21.11.	Eidsfjordens	Brørvik, Egefet	
23.11. – 05.12.	Øies	Vik	
07.12. – 29.12.	Strømmes	Strømme	Strømme 12/1 91 L. Vasenden

SKOLETID	KREDS	SKOLESTED	
04.01. – 16.01.	Eidsfjordens	Eide	
18.01. – 30.01.	Øies	Hæsjedal	
01.02. – 13.02.	Strømmes	Strømme	
15.02. – 27.02.	Eidsfjordens	Møster	
29.02. – 12.03.	Øies	Hæsjedal	
14.03. – 26.03.	Strømmes	Strømme	
28.03. – 09.04.	Eidsfjordens	Eide, Møster	
11.04. – 28.04.	Øies	Øie	
29.04. – 12.05.	Strømmes	Strømme	
14.05. – 28.05.	Eidsfjordens	Brørvik, Leraas	
30.05. – 11.06.	Øies	Vik	
13.06. – 25.06.	Strømmes	Dyvik (?)	
26.09. – 08.10.	Eidsfjordens	Ekemo	
10.10. – 22.10.	Øies	Øie	
24.10. – 05.11.	Strømmes	Strømme	
07.11. – 19.11.	Eidsfjordens	Ekefet, Møster	
21.11. – 03.12.	Øies	Vik	
05.12. – 17.12.	Strømmes	Strømme	Strømme, 2den Januar 1892 Ærb.L. Vasenden